



## **Sandøy kommune**

Eining for helse- og omsorgstenester

Pressemelding.

### **Sandøy kommune startar dagaktivitetssenter for menneske med ein demenssjukdom**

Eining for helse- og omsorgstenester i Sandøy kommune startar opp dagaktivitetssenter for heimebuande menneske med ei demens diagnose. Datoen for oppstart er 15 september 2015.

Sandøy kommune har søkt Helsedirektoratet og fått innvilga tilskot på statsbudsjettet for 2015 kr. 124.850. Tilskot gjeld for 6 plassar 3 dagar i veka.

Dagaktivitetstilbodet vil vere lokalisert ved det eksisterande dagsenteret ved Sandøyheimen. Opningstidene er tirsdag, onsdag og torsdag frå kl. 08.00 til kl. 16.00. Dette tilbodet er til for at menneske med demens skal kunne velje å bu heime så lenge som mogleg samstundes som dei vil kunne ha eit meiningsfylt tilbod på dagtid. Det skal og vere eit avlastingstilbod for pårørande som har den daglege omsorga for dei demenssjuke. Vi har som mål å få til eit meiningsfylt og aktivt tilbod på dagtid der fysisk aktivitet, sosialt samvær, god ernæring og generell aktivitet vil stå i sentrum. Ein vil samarbeide nært med heimetenesta i kommunen for å kunne gje eit heilheitleg tilbod til denne gruppa.

Ved nærare informasjon kontakt

Ann Kristin Røyset

Einingsleiar for helse og omsorgstenester i Sandøy kommune

Tlf.92267952

eller

Tone Gandrubbakken

Koordinator psykisk helsearbeid

Tlf. 712 77582